

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykker ref.	Vår ref.	Arkiv:	Dato
202412819	24/3027-3 /ELITVE/24/26567	FA-S10, TI-&13	09.09.2024

Uttale til detaljplan for miljø og landskap for rehabilitering av Valldalsdammen

Utval for samfunn, plan og næring har i møte 04.09.2024 09:00 fatta følgjande vedtak i sak 068/24:

Ullensvang kommune rår til at Norges vassdrags- og energidirektorat godkjenner detaljplanen for miljø og landskap til Hydro for rehabilitering av Valldalsdammen på følgjande vilkår:

1. Det må leggjast til rette for så korte vegstengingar som praktisk mogleg for vegen, maks. 1 time. Vegtrafikksentralen må varslast ved stenging av veg. Brukarar av vegen og naudetatar skal kunne uttala seg ved vegstenging. Når vegen må stengjast over lengre tid må tiltakshavar vurdera nattarbeid.
2. Kommunen skal varslast når Valldalsvegen vert stengd i anleggsperioden.
3. I tillegg til opparbeiding av parkeringane som er foreslått i «Detaljplan for miljø og landskap» skal det opparbeidast ny vinterparkering for ålmenta. Dette for å sikre parkering i samband med utfart inn på Hardangervidda vinterstid. Val av plassering, storleik og løysing skal gjerast i samråd med brukarane av parkeringa. Parkeringane skal opparbeidast og vera klare til bruk før anleggsperioden startar. For ålmenta skal opparbeidast og vera klare til bruk før anleggsperioden startar.
4. Terrenget skal settast i stand ved bruk av stadeigne massar og naturleg revegetering når anleggsverksemda er avslutta.
5. Anleggsutstyr og -maskinar skal reinsast før dei nyttast i Valldalen for å minske spreiing av framande artar og sjukdom, i tråd med gjeldande lovverk og faglege tilrådingar.

Det er mogleg å klaga til kommunen på dette vedtaket. Klagefristen er 3 veker rekna frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen på 3 veker.

Ring oss

Tel: 53 65 40 00
Sentralbord: 09.00 – 15.00
Org.nr 920 500 633

Kontakt oss

Opheimsgata 31
5750 Odda
postmottak@ullensvang.kommune.no

Besøk oss

Besøk innbyggjartorga i Jondal, Odda og Kinsarvik
www.ullensvang.kommune.no

Klagen skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket, beskrive kva vedtak det blir klaga på, den eller dei endringar ein ønskjer, og grunngjeving for klagen. Dersom det blir klaga så seint at det kan vere uklart for oss om det er klaga i rett tid, ber vi om at det blir oppgjeve når denne meldinga kom fram.

Helsing

Elisabeth P. Tveit
rådgjevar

Dokumentet er godkjend elektronisk og har difor ikkje signatur.

Kopi til:
Kristian Bondhus-Jensen
Ole-Jørgen Jondahl rådmann
Wermund Vetrhus



SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saksnr. i utval
Utval for samfunn, plan og næring	04.09.2024	068/24

Saksbehandlar:	Arkivsak – dok.nr	24/3027 – 2
Elisabeth P. Tveit	Journalpostnr.	24/24916

Uttale til detaljplan for miljø og landskap for rehabilitering av Valldalsdammen

Vedlegg	
26.08.2024	Høyring av detaljplan for miljø og landskap for rehabilitering av dam Valldalen (inntaksmagasin i Røldal-Suldal reguleringa)
26.08.2024	Detaljplan for miljø og landskap, rehabilitering av dam Valldalen
26.08.2024	Arealbruksplankart
26.08.2024	Kulturminnefagleg vurdering Vestland fylkeskommune
26.08.2024	Dialog mellom Ullensvang kommune og Hydro
26.08.2024	Skisser

Saka blir avgjort av:

Utval for samfunn, plan og næring

Tilråding frå rådmannen:

Ullensvang kommune rår til at Norges vassdrags- og energidirektorat godkjenner detaljplanen for miljø og landskap til Hydro for rehabilitering av Valldalsdammen på følgjande vilkår:

1. Det må leggjast til rette for så korte vegstengingar som praktisk mogleg for vegen, maks. 1 time. Vegtrafikksentralen må varslast ved stenging av veg. Brukarar av vegen og naudetatar skal kunne uttala seg ved vegstenging. Når vegen må stengjast over lengre tid må tiltakshavar vurdera nattarbeid.
2. Kommunen skal varslast når Valldalsvegen vert stengd i anleggsperioden.
3. Parkeringsplassar for ålmenta skal opparbeidast og vera klare til bruk før anleggsperioden startar.

4. Terrenget skal settast i stand ved bruk av stadeigne massar og naturleg revegetering når anleggsvirksemda er avslutta.
5. Anleggsutstyr og -maskinar skal reinsast før dei nyttast i Valldalen for å minske spreiling av framande artar og sjukdom, i tråd med gjeldande lovverk og faglege tilrådingar.

04.09.2024 Utval for samfunn, plan og næring

Behandling

Fellesframlegg frå Ap, H, INP, Sp, foreslått av Andre Botnen, Arbeidarpartiet

Punkt 3 blir forandra til:

3)

I tillegg til opparbeiding av parkeringane som er foreslått i «Detaljplan for miljø og landskap» skal det opparbeidast ny vinterparkering for ålmenta. Dette for å sikre parkering i samband med utfart inn på Hardangervidda vinterstid. Val av plassering, storleik og løysing skal gjerast i samråd med brukarane av parkeringa.

Parkeringane skal opparbeidast og vera klare til bruk før anleggsperioden startar.

Røysting:

Felles endringsframlegg frå Ap, H, INP, Sp nytt pkt 3 vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå rådmannen med felles endringsframlegg frå Ap, H, INP, Sp vart samrøystes vedteke.

USPN – 068/24 Vedtak

Ullensvang kommune rår til at Norges vassdrags- og energidirektorat godkjenner detaljplanen for miljø og landskap til Hydro for rehabilitering av Valldalsdammen på følgjande vilkår:

1. Det må leggjast til rette for så korte vegstengingar som praktisk mogleg for vegen, maks. 1 time. Vegtrafikksentralen må varslast ved stenging av veg. Brukarar av vegen og naudetatar skal kunne uttala seg ved vegstenging. Når vegen må stengjast over lengre tid må tiltakshavar vurdera nattarbeid.
 2. Kommunen skal varslast når Valldalsvegen vert stengd i anleggsperioden.
 3. I tillegg til opparbeiding av parkeringane som er foreslått i «Detaljplan for miljø og landskap» skal det opparbeidast ny vinterparkering for ålmenta. Dette for å sikre parkering i samband med utfart inn på Hardangervidda vinterstid. Val av plassering, storleik og løysing skal gjerast i samråd med brukarane av parkeringa.
- Parkeringane skal opparbeidast og vera klare til bruk før anleggsperioden startar. for ålmenta skal opparbeidast og vera klare til bruk før anleggsperioden startar.
4. Terrenget skal settast i stand ved bruk av stadeigne massar og naturleg revegetering når anleggsvirksemda er avslutta.
 5. Anleggsutstyr og -maskinar skal reinsast før dei nyttast i Valldalen for å minske spreiling av framande artar og sjukdom, i tråd med gjeldande lovverk og faglege tilrådingar.

Saksopplysningar:

NVE bed Ullensvang kommune om uttale til detaljplan for miljø og landskap for rehabilitering av Valldalsdammen. Frist for å koma med uttale er 10.09.2024.


Valldalsdammen er eit inntaksmagasin som inngår i Røldal–Suldal–reguleringa. Løyvet til anlegget ligg i kgl.res. av 21.12.1962, med tilhøyrande manøvreringsreglement fastsatt ved kgl.res. av 03.05.1974.

Den framlagte detaljplanen for miljø og landskap beskriv korleis bygginga av det konsesjonsgjevne anlegget er planlagt gjennomført. Bygging av anlegget er underlagt offentleg tilsyn av NVE.

Hydro skal rusta opp Valldalsdammen for ei framtid med klimaendringar og auka flaumar. Flaumavleiinga ved Valldalsdammen skal auka kapasiteten gjennom å bygga ny overløpststerskel med tappeluke og ny parallel flaumtunnel frå magasinet, i tillegg til å auka innløpsbassenget (samlekanalen) for flaumvatn slik at dette har kapasitet til å ta unna dimensjonerande flaumar.

Hydro sitt omsøkte tiltak på Valldalsdammen omfattar riving og sanering av eksisterande overløpskonstruksjon, etablering av ny betongdam (overløpststerskel) med lukehus og tappearrangement samt ny supplerande flaumtunnel som i framtida vil samvirke med bestående flaumsjakt. For å handtera store framtidige flaumar må tilhøyrande innløpsbasseng for flaumvatn utvidast. Tappeluka skal dimensjonerast i samsvar med krav til beredskapsmessig senking av magasinet. Det skal takast ut eit betydeleg volum sprengstein som skal fraktast til Liamyrane.

Det er planlagt oppstart av arbeidet i slutten av april 2025. Sprengningsarbeid og massetransport til Liamyrane er planlagt ferdigstilt før vinteren 2025. Betongarbeidet vil pågå gjennom vinteren med ferdigstilling før fylling av magasinet sommaren 2026. Sluttarrondering og opprydding er planlagt ferdigstilt innan utgangen av 2026.



Utklipp frå detaljplanen for miljø og landskap. Oversikt over nye og eksisterande anleggsdelar:

Flaumoverløp:

Dagens flaumoverløp er utforma som eit sideoverløp og har ein samlekanal som leiar flaumen via ei 45° sjakt til felles avløpstunell.

Samlekanalen skal utvidast. Utvidinga skal gjerast mot vest, mot vegen og vekk frå magasinet. Vegen skal flyttast ca. 15 m inn i terrenget for å frigjera naudsynte areal for rigg, tårnkran og materiallager.

På austsida av den utvida samlekanalen må eksisterande betongoverløp rivast og sanerast. Denne skal erstattast av ein ny massiv betongterskel (overløpstertskel). Flaumløpet vert 60 m langt, med sidedammar vert heile damkonstruksjonen ca. 130 m.

Flaumtunell:

Flaumtunellen vil øvst mot innløpsbassenget bestå av ei 37 m lang sjakt i forlengelse av samlekanalen. Det skal byggjast ei ny sjakt ved sida av innløpet til dagens sjakt, men på noko lågare nivå. Vatnet vil vidare gå i ein 262 m lang tunell.

Tappeluke:

Det skal installerast ei ny tappeluke med revisjonsluke i betongdammen. Tappeluka skal ivareta funksjon for beredskapsmessig senking av magasinet. I tillegg skal luka nyttast til flaumtapping ved behov.

Lukehus:

Det skal byggast eit nytt lukehus i nordenden av nytt flaumoverløp.



Utklipp frå detaljplanen for miljø og landskap; modellutsnitt lukehus:

Massehandtering:

Etablering av nytt flaumoverløp (inkl. vegutvidinga) vil gje 50 000 m³ steinmassar. Etablering av ny flaumtunell vil gje 45 000 m³ steinmassar. 10 000 m³ av desse steinmassane skal knusast til veggrus og skal nyttast til framtidig vedlikehald av Valldalsvegen. Resterande massar skal transporterast 5 km til Liamyrane.

Trafikkavvikling og parkering:

Vegen frå E134 og inn langs Valldalsvatnet er kommunal. Hydro skriv i detaljplanen at vegen må vera stengd i anleggsperioden, med høve for fri gjennomkjøring på kveld og natt (kl. 19-07) og gjennomslepp av trafikk på eit fast tidspunkt på dagen.

Vintertilkomsten ned til isen på Valldalsmagasinet vil vera stengd vinteren 2025/26. Alternativ skutertrasé innover Valldalen vil vera over Heialeitet.

Dagens vinterparkeringsplass vil ikkje vera tilgjengeleg når Hydro tek den i bruk i anleggsfasen. Hydro skal opparbeida parkeringsplassane som er regulert i Detaljreguleringsplan Øvlandsstølen PlanID 12282011001 (P1, P2 og P3). P1 og P2 kan nyttast for ålmenta i anleggsperioden. Hydro skal brøya dei to plassane om vinteren. P3

kan nyttast av ålmenta etter anleggsperioden.

Vurdering:

Tiltaksområdet ved Valldalsdammen er i eit LNF-område i kommuneplanen. Områda det skal byggast nye parkeringsplassar er i kommuneplanen satt av til fritidsbusetnad. I detaljreguleringsplanen Øvlandsstølen PlanID 12282011001 er arealet satt av til parkering.

Ullensvang kommune har tidlegare i år svart Hydro at ein er positiv til at dei nyttar steinmassar til å etablera regulerte parkeringsplassar i Valldalen. Dersom Hydro får dette inn i ein godkjend detaljplan er det ikkje naudsynt å handsama saka etter plan- og bygningslova. Det må framleis søkjast om dispensasjon frå kommuneplanen for tiltaka på dammen. Det skal også søkjast om løyve til utviding av kryss mellom den kommunale vegen i Valldalen og Hydro sin private veg til foten av Valldalsdammen, og om etablering av ei midlertidig avkøyring frå Valldalsvegen.

Kommunal vegmynde har uttala at Valldalsvegen er ein viktig offentleg vegforbindelse til næring, nødetatar, turistar og beitelag. Vegen er vinterstengt og er open for fri ferdsel når den ikkje er vinterstengt. Det er eit høgt aktivitetsnivå i Valldalen med mykje trafikk. I samband med anleggsarbeid kring rehabilitering av dam er det viktig at vegen er open òg på dagtid inn i Valldalen. Det er forståing for at vegen vert stengt ved sprenging o.l., men det må leggjast til rette for så korte vegstengingar som praktisk mogleg for vegen, maks. 1 time. Vegstenging vert òg regulert i høve til vegnormal N301 og vegtrafikklova der Vegtrafikkcentralen må varslast ved stenging av veg. Brukarar av vegen og nødetatar skal kunne uttale seg i høve vegstenging. Når vegen må stengjast over lengre tid må nattarbeid vurderast.

Rådmannen er positiv til dei to tiltaka Hydro føreslår for å mildna konsekvensane for miljø og landskap. Eit av tiltaka er å etablera parkeringsplassar, P1–P4. Rådmannen kan ikkje sjå at P4 er vist på arealbruksplanen. Rådmannen ber om at NVE set vilkår for at parkeringsplass for ålmenta er på plass før anleggsperioden startar. Det skal takast omsyn til lokalt dyreliv og ferdsle i perioden vegkryss og parkeringsplassar vert utbetra.

Valldalen er eit mykje nytta område for friluftsliv. Det er ein viktig innfallsport til Hardangervidda nasjonalpark. Hydro må ha god dialog med DNT om korleis ein kan informera om vegstengingane.

Hydro skal nytta fleire riggområde i denne delen av prosjektet. Rådmannen bed om at riggområda blir rydda og tilbakeført så snart denne delen av prosjektet er ferdig og det ikkje er behov for riggområda lengre. Rådmannen kan ikkje sjå at det er oppgitt kor lenge områda skal fungera som riggområde, og ber om at denne informasjonen vert sendt kommunen.

Rådmannen ynskjer at alle mellombelse inngrep skal revegeterast. Ved tilbakeføring av areal skal det leggast vekt på å gje arealet eitt naturleg preg. Skjeringar og andre inngrep skal utførast slik at dei kan skjulast og/eller tilbakeførast i ettertid. Terrenget skal settast i stand

ved bruk av stadeigne massar og naturleg revegetering når anleggsverksemda er avslutta.

Hydro skal sprenga vekk to store steinblokkar som raste ned i elveløpet i 2008. Rådmannen ynskjer at elveløpet vert halde ved like, òg i framtida.

Rådmannen kan ikkje sjå at støy er omtala i detaljplanen, og det er heller ikkje nemnt om det i framtida vil kome ein miljø-, transport- og anleggsplan (MTA-plan). Omsyn til støy bør omtalast, då det er snakk om å knuse steinmassar tilsvarende 10 000 m³.

Ved eit søk i artsdatabanken er det ein del planter innanfor tiltaksområdet som er registrert med status nær truga og livskraftig.

Samandrag konklusjon:

Rådmannen rår til godkjenning av detaljplanen for miljø og landskap for rehabilitering av Valldalsdammen på vilkår nemnt i tilrådinga. Rådmannen ynskjer at Hydro skal koma med ny vurdering av tidsrom Valldalsvegen skal stengast. Rådmannen ber om at omsyn til støy vert omtala.